



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1760 - 18/35333

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

23.11.2018

Oversending vedtak til Fylkesmannen i Hordaland v/settefylkesmann for endeleg avgjerd - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Saksopplysningar

Eigedom: 100/13

Adresse: Vabøvegen 50

Tiltakshavar/eigar: Kenneth Hodneland og Trine Pedersen Hodneland

Klagar: Fylkesmannen i Hordaland

Utsett iverksetting: Nei

Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om dispensasjon i frå LNF-føremålet og byggjegrense mot sjø og søknad om løyve til etablering av tilkomstveg til fritidsbustad.

Det var gjeve avslag i administrativt vedtak den 21.06.2018.

Dette vedtaket vart av tiltakshavar påklaga og saka vart handsama i Plan- og miljøutvalet den 29.08.2018 der klage vart tatt til følgje og det vert gjeve dispensasjon og løyve til etablering av vegen.

Vedtaket er klaga på av Fylkesmannen i Hordaland i brev motteke 18.09.2018.

Det ligg føre kommentarar til klagen frå tiltakshavar og ansvarleg søkjar i brev motteke 03.10.2018.

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 21.11.2018, der Plan- og miljøutvalet sitt vedtak datert 29.08.2018 vart oppretthaldt og klagen ikkje tatt til følgje, og det vert gjeve følgjande vedtak:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



«PMU tar ikkje klagen frå Fylkesmannen til følgje, og gir løyve til opparbeiding av tilkomstveg til fritidsbustad til gnr./bnr 100/13. PMU gir dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til tiltak i LNF-område og dispensasjon frå §5.5 i kommuneplanen.

Vegen skal etablerast utan vegskulder utan store terrenginngrep og utan at tiltakshavar skiljer vegen frå beiteområde med gjerder. Tiltakshavar skal setje opp tenleg skilje mot den kommunale vegen som f.eks. grind eller ferist.

PMU har vore på synfaring på omsøkt tiltak 21.11.2018.

Det er smått med parkeringsplassar i den kommunale vegen. Dette er ein smal veg med mellom anna skulebusstrafikk til og frå Vabø. I samband med transport og parkering i samband med fritidsbustaden vil det vera ein stor føremon med opparbeiding av omsøkt tilkomstveg, og på den måten få bilar bort frå vegskuldra. Dette vil vera ei føremon for tryggleiken til alle typar trafikantar på den kommunale vegen.

Utvalet ser tydeleg i saka og på synfaringa at landbruket har store føremoner med å få betra tilkomst til drift av beiteområdet. Det er begynnande attgroing i beiteområdet, og vi ser at areal som går med til etablering av veg vil kunna erstattast av reetablering av beitemark ved mogleg tilkomst med moderne landbruksutstyr. Uttale frå gardbrukaren som nyttar området er at det er gunstig å leggje ein veg midt over området, slik som omsøkt, då han får lettare tilkomst til større delar av beiteområdet. Det er også sendt epost til tiltakshavar om at areal som går med til opparbeiding av veg kan verte erstatta av utviding av beiteområde i nordenden av beiteområdet. Området er ikkje vesentleg brukt av andre enn gardbrukar og tiltakshavar, og veg vil ikkje vere til ulempe for nokon av dei involverte. Summen av areal til beitemark vert, ut frå informasjon i saka, i sum ikkje redusert i området.

Når vegen vert opparbeida med minimalt med terrenginngrep utan vegskuldre vil den ikkje vere eit skilje for dyra på innmarksbeitet. Dyra kan fritt bevega seg over vegen til og frå begge sidene av beitet. Tiltakshavar er tydeleg på at dei ikkje ynskjer å setje opp gjerde langs tilkomstvegen.

Landbrukssjefen i kommunen har i brev av 28.02.2018 ingen innvendingar til vegbygginga i og med at den kan nyttast til landbruksdrift på begge sidene av vegen.

Det synes paradoksalt at ein veg som mest truleg ville kunne vorte opparbeida som landbruksveg dersom det er dette det hadde vorte søkt om, får nei når det vert søkt om som tilkomstveg til fritidsbustad. Landbruket får med dette tiltaket ein veg som har positiv verknad for drift av landbruket utan kostnadar for gardbrukaren. Tiltaket er drøfta på individuelt grunnlag og skaper dermed ikkje automatisk presedens for eventuelle søknadar om tilkomstvegar til andre fritidsbustadar i kommunen.

Etablering av den omsøkte tilkomstvegen er positiv for:

- tilkomst til vedlikehald og drift av landbruksarealet også i forhold til klimautvikling.
- trafikktryggleig med parkering andre stadar enn i vegskuldra på den kommunale vegen.
- det vil vere god dyrevelferd, godt for dyr å forflytta seg og å opphalda seg på veg.

Utvalet ser ingen ulemper med opparbeiding av den omsøkte tilkomstvegen.

Ut frå ei samla vurdering ser PMU at omsynet bak planen og føresegnene til planen ikkje er vesentleg sett til side og at føremonane med tiltaket er klårt større enn ulempene med ikkje å etablere denne vegen.»

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland ved setjefylkesmann for endeleg avgjerd.
Saksdokumenta er vedlagt.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Ingrid Bjørge Pedersen på e-post
ingrid.bjorge.pedersen@lindas.kommune.no eller på telefon 56375878.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak om dispensasjon for etablering av tilkomstveg til fritidsbustad - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Vabø - spørsmål angående etablering av ny avkjørsel og vei

A300 Situasjonsplan, forslag til plassering av vei

Vegstrekninger

Vedkomande spørsmål ved etablering av tilkomstveg - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Vedkomande spørsmål ved etablering av tilkomstveg - gbnr 10013 Fjellsende (Vågseide)(322324)

Søknad om løyve til tiltak - avkjørsel, veg og utsleppsløyve - gbnr 100/13 Vabø

A1 Søknad om tillatelse i ett trinn

D1 Situasjonsskart Vabøvegen, gbnr 100-13

Q2 Kopi av skyldskifte

Q3.2 Brev fra kartverket angående tinglysning

Q4 Svar fra Statens vegvesen

Q5 Landbrukssak Gbnr 1003 Fjellsende - Uttale til vegframføring til gbnr 10(1)

Tilleggsdokumentasjon - gbnr 100/13.

A200 Veiprofil

Uttale - gbnr 100/13 Fjellende (Vågseide)

Uttale - Lindås - Gbnr 100/13 - Fjellende - Vågseide - etablering av tilkomstveg - Dispensasjon

Klage på avslag om tilkomstveg - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseidet)

Klage på avslag om tilkomstvei, Fjellsende (Vågseidet)

Vedlegg 1, Kvittering for nabovarsel

Vedlegg 2, Godkjenning av avkjørsel fra vegavdelingen

Svar på klage - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Svar på klage - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Vedlegg:

Uttale til Fylkesmannens klage - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Uttale til Fylkesmannens klage, sak 17/1760

Avslag på søknad om tilkomstveg - gbnr 100/13 Fjellsende (Vågseide)

Kopi til:

Kenneth Hodneland

Vabøvegen 166 A 5955

LINDÅS

Mottakrar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

BERGEN